

		<h2>MØTEREFERAT</h2> <p><b>STYREMØTE, fredag 6. april 2018 kl. 15-1730.</b>  <b>STAD: Vika velferdssenter, Hol.</b></p> <p>Tilstades: Grethe Larsgard Rudningen, Margarethe L'orange,  Inger Grostølen , Maria Søndrål og Eva Almhjell.  Referat: Grethe Larsgard Rudningen., 7.4.2018</p>	
	Tema	Om	Ansvar/Oppfølging
1	Gjennomgang av dagsorden for årsmøte 2018	<p>Innkalling og saksliste til årsmøtet 2018.</p> <p>Etter årsmøtet: Bjørn Furuseth orienterer om korleis Hol bygdearkiv handsamar digitalisert stoff frå OSS.</p> <p>EvaA legg fram planer for fase II.</p> <p>Transkriberarane bidreg 15' kvar med orientering om arbeidet sitt:</p> <p>Eva-Cecilie Skaarberg, Margarethe L'orange, Dag og Ingrid Wollebæk og EvaA.</p>	<p>Styret hadde ingen kommentarar til innkalling og saksliste til årsmøtet.</p> <p>Styret hadde ingen kommentarar til informasjonsopplegget etter årsmøtet.</p> <p>Dag og Ingrid Wollebæk var ikkje tilstades</p>
2	Sidan sist – 27.10.1917	<p>- Status OLAV SLETTO-DAGEN 2018 (forslag): Biskop Per Arne Dahl kjem truleg. Erling Sørli deltek med foredrag om Olav Sletto som kritikar-oppseudar. Eva Almhjell tek for seg Olav Slettos taleferd i Hallingdal – dramatisert? Meir???</p> <p>- Status "Prosjekt digitalisering av Sletto-arkivet". Rapport III sendt Hol kommune/Bygdearkivet før jul 2017. Tre rapportar er sendt Hol bygdearkiv i løpet av 2017 med krav om attendemelding. OSS har ingenting høyrte. Har purra BF – vil ha svar innan årsmøtet!</p> <p>-Status <b>Årshefte 2018 – ferdig.</b> Trykkeutgifter inkl. mva ca. 9000 kr. for 100 x + pdf-fil for publisering på nettet.</p> <p>NB! Vi hadde tenkt å skrive av JØS si tale om talaren OS under OSD 2017, men det viste seg vera for vanskeleg. Eg har i staden fått lagt ut lydfila frå Radio Hallingdal sine opptak på <a href="http://www.olavslettoselskapet.no">www.olavslettoselskapet.no</a>  Godkjenning av dette er henta inn frå så vel JØS som RH.</p>	<p>Biskopen har bedt om å få koma i 2019. Styret tok ynskjet til orientering, og er open for endringar i programmet undervegs.</p> <p>Styret konstaterte at Hol kommune/bygdearkivet ingen attendemelding har gitt – heller ikkje innan risten 6.4.2018.</p> <p>Styret etterlyser svar frå kommuna på dei tre rapportane. Leiaren følgjer opp saka.</p> <p><b>Siste: Leiaren hadde møte med rådmannen i Hol kommune onsdag 11.4.2018, der dette vart tatt opp saman med spørsmål om ei meir langsiktig finanisering av fase II mv. i digitaliseringsprosjektet.</b></p> <p>Årshefte 2018 omdelt i styremøtet. Styret var nøgd med trykksak og pris.</p> <p>Styret var sers nøgd med denne løysinga.</p>

		<p>- Status: Innspel til Hol historielag: Eva har sendt to taler OS skreiv på 1950-talet til høvesvis orgelvigsla i Hovet 1956 og spelemannsfest på Bygdahall 1951 til ev. bruk i "Under Hallingskarvet 2017" ev. i seinare nummer.</p> <p>- Status: Dølaminne 2017: OS-tale om "Dalen og dølen" nytta i DM 2017. Leiaren i OSS ga også ein kort presentasjon av DM 2017 under Bokmessa 2017 på Ål. Ho merka seg 21 velskrivne artiklar i årets DM, basert på innspel frå lokale historielag i Hallingdal: 18 av dei skrivne av menn – om menn...</p> <p>- Nissen i Sletto-fortellinga sendt "Juleroser" – ikkje antatt.</p> <p>- Status: kontakt med Olav Sataslåtten: Etter tilråding frå han har OSS skaffa lydfil med opptak av samtale mellom Rolf Myklebust og Olav Sletto i 1954 (9' – begrensa bruk, berre i slutta selskap).</p> <p>-Status: Memoarkonferansen 2018.</p> <p>-Status :Leveld Kunstnartun (LKT):</p> <p>-Status: Digitaliseringsprosjektet fase II Møte var avtalt med Hol kommune 8. mars 2018.</p>	<p>Ingen av innspela er nytta av Hol historielag i Under Hallingskarvet 2017. Styret tok saka til orientering.</p> <p>Styret var godt nøgd med at Dølaminne 2017 nytta OS-tala om «Dalen og dølen», og med at leiaren hadde ein presentasjon av denne art. og heile DM under Bokmessa 2017.</p> <p>Styret tok saka til orientering.</p> <p>Olav Sataslåtten er ein av OSS sine gode hjelpar. NRK-intervjuet nyttast i årsmøtet. Sataslåtten hjelper med biletstoff til brevttekstene leiaren lagar. Styret var nøgd.</p> <p>Styrelaiaren deltok i Memoarkonferansen 2018. Svært nyttig workshop og konferanse. Info frå MEMOAR delt med lokale historielag og bibliotek i Hallingdal. Nyttig arena med etablering og utvikling av nettverk for å nå målet om å få Olav Sletto ut av gløymsla, og inspirere til forskning på hans liv og diktning. Billig! Styret var nøgd.</p> <p>Leiaren hadde møte med Møte med Ingunn Stræte Lie 5.4.18. Positivt møte med tanke på vidare samarbeid, m.a. knytt til sommarutstillinga i skogen nedanfor Kunstnartunet, der temaet er natur og kjensler. Leiaren følgjer opp. Styret sers nøgd.</p> <p>Møtet vart avlyst på kort varsel grunna sjukdom i kommuna. OSS-leiaren tok kontakt med rådmann og ordførar, og fekk fortgang i arbeidet med ei formalisering av avtale mellom Hol kommune og Olav Slettos etterkomarar, slik etterkomarane</p>
--	--	---	--

		<p>Nytt: Margarethe L'orange påtek seg å transkribere breva frå Olav Sletto til Alf Larsen. Dei ligg i arkivet til Alf Larsens litterære selskap i Tønsberg. Ho noterer timebruk for å stipulerer frivilling-innsatsen i digitaliserings-prosjektet.</p>	<p>har bedt om. Olav Sletto-selskapet er avhengig av at denne avtala kjem på plass raskt for å kunne utvikle eit samarbeid med Nasjonalbiblioteket.</p> <p>Styret var nøgd, og ba leiaren følgje tett opp. <b>Siste: Møte med rådmannen – sjå over</b></p> <p>Styret i Alf Larsens litterære selskap er svært positiv til tilbodet fra OSS.</p> <p>Styret var ser nøgd.</p>
3	Økonomi 2017	<p>Ola Ruud. Inkl. oversikt over boksal 2017.</p> <p>Begge revisorar på val 2018, og begge har sagt frå seg attval.</p>	<p>Ola Ruud gjekk igjennom rekneskapan for 2017.</p> <p>Meir enn 6000kr. frå boksal på Kjerringtorget 2017. Det gir drifts-inntekter til OSS. Leiaren føreset at økonomien i selskapet toler at ho tek ut sin del av inntektene av boksalet (jf. avtale med Boksmia) før ev. utbetaling. Det same gjeld køyregodtgjersla på kr. 3000. Leiaren takka rekneskapsføraren for vel gjort arbeid. Styret var nøgd.</p> <p>Etter framlegg frå styret går OSS over frå to til ein revisor. Styret vel nøgd.</p>
4	Søknad om støtte til "Prosjekt digitalisering av Sletto-arkivet"	<p>Status: Søknadsfristen til Hol kommune var 15. oktober 2017. OSS søkte om og fekk kr. 12 000. Og takkar !</p>	<p>Styret var nøgd med støtta frå Hol kommune, og ber leiaren følgje opp med søknader om støtte til å fullføre digitaliserings-prosjektet. <b>Siste: Møte med rådmannen 11.4.2018 – sjå over.</b></p>
5	Budsjett 2018	<p>OSS er avhengig av støtte for å få gjennomført digiprojektet <b>elektronisk</b>, slik vi vil i fase II.</p> <p>Leiaren er i gang med brevartiklar, som tilbod til fleire relevante historielag. Vi har 70 taleferder å ta av....</p>	<p>Leiaren la fram framlegg til budsjett 2018. OSS sine samarbeidspartar (Ål, Hol og Nes bibliotek) tilrår å søke Kulturrådet om midler til Olav Sletto-dagen 2018. Styret slutta seg til og godkjente deretter budsjett-forslaget. Leiaren følgjer opp.</p> <p>Styret var nøgd.</p>
6	Eventuelt	<p>Medlemsstatus: 1 medlem (som vi kjenner til) har gått bort i 2017: Einar Tuft. Me har 80 medlemmer som har betalt for 2017 og 84 medlemmer i alt pr. 31.12.1917.</p> <p>Siste: 4 nye medlemmer pr. 25.2.2018. 1 medlem gått bort (Terje Vindegg).</p>	<p>Styret tok informasjonen til orientering – og var nøgd.</p>